



Sjå adresseliste

Vår ref.: 2026/393-3	Sakshandsamar: Sonja Lien Skjevraak sonja.lien.skjevraak@bykle.kommune.no	Dato 24.06.2026
-------------------------	---	--------------------

HØYRING AV PLANPROGRAM FOR TRAFIKKSIKRINGSPLAN

Bykle kommune varsler med dette oppstart av revidering av Trafikksikringsplan og offentlig høyring av forslag til planprogram etter vedtak i planutvalet 01.06.2026, sak 77/26.

Bykle kommune skal ha ein oppdatert trafikksikringsplan som grunnlag for å evaluere gjennomførte trafikksikkerhetstiltak, identifisere risikoområde og prioritere nye tiltak. Trafikksikringsplanen skal legge til rette for eit systematisk arbeid med trafikksikkerhet i Bykle kommune. Barn og unge er ei særleg prioritert målgruppe i trafikksikringsarbeidet.

Planprogram

Planprogrammet seier kva planen handlar om, kva kommunen ønskjer å oppnå med revideringa, kven som er involverte i arbeidet og korleis innbyggjarar og andre kan kome med innspel. Tema i planprogrammet er ikkje endelege, og kan bli justert etter innspel dersom det er føremålstenleg. Når planprogrammet er vedteke, fungerer det som ein arbeidsplan for kommunen i det vidare arbeidet.

Framlegg til planprogram følgjer dette brevet og ligg også tilgjengeleg på kommunen si nettside under [Høyringar og kunngjeringar](#). I tillegg finn de saksprotokoll frå politisk behandling i planutvalet vedlagt.

Gjeldande Trafikksikringsplan med tiltaksdel finn de på heimesida under [Budsjett, planar og strategiar](#).

De kan kontakte Bykle kommune på tlf. 37 93 85 00 for spørsmål om planarbeidet eller for å få tilsendt dokumenta.

Frist for innspel

Frist for innspel til planprogrammet og planarbeidet er **10. september 2026**.

Innspel må vere skriftlege og kan sendast til post@bykle.kommune.no eller Bykle kommune, Sarvsvegen 14, 4754 Bykle.

Heimel

Oppstart av planarbeidet blir varsla i medhald av plan- og bygningslova § 11-12. Planprogrammet blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1.

Med helsing
Bykle kommune

Sonja Lien Skjevrak
rådgjevar plan

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.

AGDER FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I AGDER
STATENS VEGVESEN
SETESDAL BRANNVESEN IKS
SETESDAL MILJØ & GJENVINNING IKS
Barnas representant i plansaker
Ressursgruppa for hyttevevforeningar i Bykle
BYKLE NÆRINGSLAG
Bykle barne og ungdomsskule
Setesdal vidaregåande skule avd. Hovden
SETESDAL VIDAREGÅANDE SKULE
Fjellgardane skule
Bykle idrettslag
Hovden sportsklubb
Bykle ungdomsråd
Bykle eldreråd
Råd for personar med nedsett funksjonsevne
VALLE OG BYKLE POLITISTASJON
DESTINASJON HOVDEN AS
BYKLE OG HOVDEN VEKST AS
Beredskapskoordinator i Bykle
Trygg Trafikk Agder

Vedlegg:

- 1 Planprogram Trafikksikringsplan
- 2 Saksprotokoll Høyring - Planprogram Trafikksikringsplan 2027-2031